



Sindre Aksnes - ein av dei flinke trommeslagarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Meldinga om at det ikkje vert musikk i 17.maitoget har tydeleg gjort inntrykk. Det manglar ikkje spontane reaksjonar og her er 3 av dei:

- Eg har budd her i 40 år, men eg har aldri opplevd at det ikkje har vore musikk i toget. No må foreldra skjerpa seg og få sine håpefulle med i skulemusikken.

- Det er trist å lesa at det ikkje vert musikk, men Uskedalen har jo så mange dyktige trommeslagarar. Er det ikkje håp om at vi kan få nokre trommesoloar i det minste?

- Dei som gjer ein innsats fortener ros. Utan Anne Kari Rørheim, Monica Storevik og kasserar Randi Nybakk hadde korpset stoppa heilt opp. Eldsjelane har gått ut med ein kraftig apell om innsats men ikkje fått nokon respons frå bygdefolket. Kjem responsen no etter det som skjer - eller ikkje skjer? 17. mai utan musikk må vera ein kraftig tankevekkjar.

Av Ola Matti Mathisen